

Elin og Henry Fanebust
Lindåsvegen 2088,
5955 Lindås

Våge, 10.04.2022

Alver kommune, Tilsynsavdelinga
v/Eirik Berntsen

kopi: APM-utvalet i Alver
Alver kommune, Landbruksavd.
Statsforvaltaren i Vestland

Gnr 99 bnr 4, Våge: Ulovleg utviding held fram – trass tilbakeføringsvedtak av 13.10.21

I vår fortvilning ser vi inga anna råd enn å sende kommunen eit nytt brev. Vi ser at *inga* tilbakeføring enno finn stad på 99/4, trass APM-utvalet sitt vedtak av 13.10. og adm. sitt pålegg av 15.10.21. Derimot har det motsette skjedd:

- Det har vorte ytterlegare utvida og bygd opp med stein på dei 8 måla med ulovleg steinplata som er vedtatt tilbakeført
- Murar som kommunen har pålagt rivne/tilbakeførte er i staden bygd på.
- Også bygd nye murar annan stad på innmarka.
- Har utvida/forhøya/forlenga den ulovleg lagte landbruksvegen langt utanfor godkjent trase, trass i at kommunen har kravd tilbakeføring i tråd med søknad
- Har siste veka fyllt ut eit innmarksbeite mot nord med eit stort og fleire meter høgt steinplata
- I heile mars/april er ENORME mengder myrjord gravd opp (med dei særlege konsekvensar *dette* spesielle fenomenet har)
- Nær halve innmarka på 99/4 er no gravd av *ulovleg* og bygd opp med *ulovleg utskoten stein*.

Vi sender dette brevet til orientering, og ventar sterkt på den tilbakeføringa som skal skje *før* igangsetjningsløyve, i pakt med APM-utvalet sitt vedtak av 13.10.21. Alvorlegheita, omfanget og systematikken i alle dei ulovlege tiltaka 99/4 *målmedvite* har gjennomført, får ikkje tapast av syne. 99/1, som deler tun, er direkte offer for fleire av dei *svært* ulovlege tiltaka, særleg i tunet og på tungrensa, og er difor 100% avhengig av at tilbakeføringa vert reell og gjennomført.

Spørsmål til tilsynsavd., som vi ber om å få svar på:

1. Eksisterer det pr. no noko pågåande løyve på 99/4 om fortsatt arrondering og vidare utbygging av området – stikk i strid med tilbakeføringskrav - sidan dette anleggsarbeidet kontinuerleg pågår? (Har pågått/pågår tungt anleggsarbeid på 99/4 med 2 anleggsmaskiner heile mars og april. Fredag ankom enda ei gravemaskin, vi fryktar påsken)
2. Det er for to veker sidan lagt rør i forlenging av dei 54 m rør som, utan søknad eller godkjenning, var lagt sist sommar. Utløp like før 99/1 (underteikna) si grense - til elv med bratt fall til Fjellangervågen. Spm.: Har kommunen godkjent?

Vi imøteser svar frå tilsynsavdelinga.

Med vennleg helsing
Elin og Henry Fanebust

Fredag 8.4. skjedde vidare ulovleg oppbygging m. fleire lass stein på grenselinja i hagen vår, vi måtte ta video for å få det til å stoppe, men fryktar kva som skjer mandag. Den ulovlege nivåhevinga på 99/4 startar *innafor* vår hagegrense i tunet. Nivået her **må** og **skal** tilbakeførast til rett høgd etter lova, i pakt med vedtak av 13.10.21, slik at dei ulovleg overbygde og skjulte grensemerka kjem fram att. Dette er eit kommunalt forvaltaransvar, som heng direkte saman med den store, ulovlege nivåhevinga på 99/4 - med ulovleg oppbygd stein over 8 mål.

